



Ronny Gausereide  
Hopsdalsvegen 45a  
5915 Hjelmås

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/7472 - 22/79645

Saksbehandlar:  
Roba Al Serhan  
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:  
18.10.2022

## **Fritak frå kravet om gjødselplan GBNR 194/1 Mundal nedre**

**Administrativt vedtak: Saknr: 1152/22**

### **VEDTAK:**

**Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging foretaket Ronny Gausereide dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 20.10.2027 for gbnr 194/1 då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.**

### **Saka gjeld :**

Foretaket **Ronny Gausereide** har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 194/1. Dagens driftsomfang er 10 vinterfora sauer. Driftsformen er utgangardrift og det vert difor ikkje oppsamla gjødsel.

Søker eig 19 daa innmarksbeite og 3 daa overflatedyrka. Foretaket brukar ikkje kunstgjødsel.  
GDE = 0

### **VURDERING:**

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstentivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE =0) etter frådrag for beitetid, og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har difor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

**Regelverk**

Forskrift om gjødselplanlegging.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 22/7472 »

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan  
Rådgevar Landbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Ronny Gausereide

Hopsdalsvegen 45a

5915

Hjelmås